

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesvalsalen, fylkeshuset  
**Dato:** 07.09.2017  
**Tidspunkt:** 11.00-15.00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iril Schau Johansen	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	Til kl. 14.25
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	Frå kl. 12.00
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Parti
Jon Askeland	Medlem	Sp
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Navn	Møtte for	Parti
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Jon Askeland	Sp
Gina Gjerme	Astrid Aarhus Byrknes	KrF
Inger Ulvund	Renate Møgster Klepsvik	Frp

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar, transportplanseksjonen/stedfortredar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar, vegseksjonen
Sølve Sondbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør, Statens vegvesen
Kaisa Tonheim Banne	Rådgjevar, Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhold	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 81/17	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 82/17	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 83/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 53/17	Handlingsprogram til NTP 2018-2029 - prosess mot fylkeskommunane	2014/21176	
RS 54/17	Planarbeid fro opprusting/rassikring av veg mellom Jondalstunnelen og Folgefonna tunnelen - Svar på spørsmål frå representanten John Torgeir Torsvik (H)	2016/34254	
RS 55/17	Rapportering frå NSC Transportgruppe - Møte i Göttingen 29. juni 2017	2016/7492	
RS 56/17	Spørsmål om reinhald av gong og sykkelvegar	2017/938	
RS 57/17	Forventninger til fylkeskommunen i 2018 innenfor helhetlig vannforvaltning, friluftsliv og forvaltning av høstabare arter av vilt og innlandsfisk	2017/4756	
RS 58/17	Skuleskyss i vidaregåande skule - verbforslag i budsjett 2017	2017/938	
RS 59/17	Tilrettelegging for sykling i Hordaland fylkeskommune	2017/5077	
RS 60/17	Vurdering av grunnlag for uttale til Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027	2017/14024	
RS 61/17	Brev angående møte med kommunene / Innfartsparkering	2014/15627	
RS 62/17	Byvekstavtale for Bergen - oppfølging	2014/54	
RS 63/17	Stord kommune - Kommunedelplan E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - Avgjerd av motseigner frå Statens vegvesen Region vest og Fylkesmannen i Hordaland	2016/1947	
PS 84/17	Evaluering av Bybanen - utgreiing av drift i eigenregi	2015/8900	
PS 85/17	Ferjeavløysingsordninga - status og framdrift for ferjeavløysingsprosjekt	2014/23741	
PS 86/17	Oppstart av interkommunal plan etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad	2016/943	
PS 87/17	Utgreiing om og plan for etablering av fasilitetar for bussjåførar	2017/3152	
PS 88/17	Ny driftskontrakt for Nordhordland DK 1203	2015/5638	
PS 89/17	Forbod mot nydyrkning av myr – fråsegn.	2017/13886	
PS 90/17	Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Odda - Buer - Strand	2017/4023	
PS 91/17	Rv. 13 - Planfri gangvegkryssing Bjørgum. Klassifisering og eigartilhøve for ny gang- og sykkelveg.	2014/11976	
PS 92/17	Temoplan: Låg- og nullutsleppsbusstar i Hordaland	2017/14598	
PS 93/17	Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner. Søknad om midlar for 2018	2014/23709	
PS 94/17	Status og forslag til vidare gjennomføring av prosjekt "Hjertesone"	2014/13889	
PS 95/17	Ymse		

## **PS 81/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 82/17 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

### **Vedtak**

Møteprotokollen frå møte 08.06.2017 vart godkjend utan merknader.

## **PS 83/17 Referatsaker (meldingar)**

### **Vedtak**

Referatsaker RS 53-RS 63/17 vart refererte.

## **PS 84/17 Evaluering av Bybanen - utgreiing av drift i eigenregi**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner at drifta av Bybanen vert konkurranseutsett.
2. Fylkestinget godkjenner at vedlikehaldsavtalen med Stadler vert vidareført ut avtaleperioden.
3. Fylkestinget godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å setja i verk organisasjonsendringane is samsvar med vedtaket i saka.

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

**Marthe Hammer (SV) sette** på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

1. Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram ein ny utgreiing av eigenregi til utval for miljø og samferdsel (MISA). Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet skal sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbaneovgiving, og korleis protokollar og vedtekter kan utformast. I arbeidet bør det verte trekt på gode erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo, og ein bør engasjere utgriuarar med erfaring frå og kunnskap om skinnegåande transport. Utgreiinga må også vise kva dei økonomiske konsekvensane ein slik modell fører med seg.
2. MISA ønskjer ei orientering i neste møte der direktør i Oslo Sporveier kan orientere om Oslo sine erfaringar og kvifor Oslo valde å gå vidare med drift i eigen regi.»

### **Røysting**

Hammer sitt forslag fekk 9 røyster (SV, A, Sp, KrF, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram ein ny utgreiing av eigenregi til utval for miljø og samferdsel (MISA). Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet skal sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbaneovgiving, og korleis protokollar og vedtekter kan utformast. I arbeidet bør det verte trekt på gode erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo, og ein bør engasjere utgreiarar med erfaring frå og kunnskap om skinnegåande transport. Utgreiinga må også vise kva dei økonomiske konsekvensane ein slik modell fører med seg.
2. MISA ønskjer ei orientering i neste møte der direktør i Oslo Sporveier kan orientere om Oslo sine erfaringar og kvifor Oslo valde å gå vidare med drift i eigen regi.

## **PS 85/17 Ferjeavløysingsordninga - status og framdrift for ferjeavløysingsprosjekt**

### **Forslag til innstilling**

1. Med grunnlag i oppdatert anslag på ferjeavløysingsmidlar, kommunalt tilskott og bompenge-finansiering vil fylkestinget i desember 2017 ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til Masfjordbrua innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet føreset at prosjektet vert kvalitetssikra, søknadskrava er tilfredsstilt og medfører låg økonomisk risiko for fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet løyver kr. 700 000 frå fylkesutvalet sin tilleggslovvingskonto for å finansiera ekstern kvalitetssikring av prosjektet Masfjordbrua.
3. Fylkesutvalet viser til pågående planarbeid for Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget i desember 2017 vil ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til dette prosjektet innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå i dialog med Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune om eventuell nedlegging av ferjesambandet til Utbjoa.
4. Fylkesutvalet konstaterer, med grunnlag i planstatus og søknadskrav i brev frå Kommunaldepartementet frå 13.6.2017 «Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar», at det er uaktuelt i 2017 å søka om ferjeavløysingsmidlar til fastsambanda Huglo - Tysnes og Lerøy – Bjelkarøy - Ytrebygda.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (SV, MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 og 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Med grunnlag i oppdatert anslag på ferjeavløysingsmidlar, kommunalt tilskott og bompenge-finansiering vil fylkestinget i desember 2017 ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til Masfjordbrua innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet føreset at prosjektet vert kvalitetssikra, søknadskrava er tilfredsstilt og medfører låg økonomisk risiko for fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet løyver kr. 700 000 frå fylkesutvalet sin tilleggslovvingskonto for å finansiera ekstern kvalitetssikring av prosjektet Masfjordbrua.
3. Fylkesutvalet viser til pågående planarbeid for Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget i desember 2017 vil ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til dette prosjektet innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå i dialog med Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune om eventuell nedlegging av ferjesambandet til Utbjoa.

4. Fylkesutvalet konstaterer, med grunnlag i planstatus og søknadskrav i brev frå Kommunaldepartementet frå 13.06.2017 «Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar», at det er uaktuelt i 2017 å søka om ferjeavløysingsmidlar til fastsambanda Huglo - Tysnes og Lerøy - Bjelkarøy - Ytrebygda.

## **PS 86/17 Oppstart av interkommunal plan etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at det blir utarbeidd ein interkommunal plan etter pbl § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.
2. Fylkesutvalet utnemner ..... til leiar og ..... som medlem av politisk referansegruppe for planarbeidet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

Synnøve Solbakken (A) gjorde framlegg om Nils T. Bjørke, Sp, som leiar i politisk referansegruppe for planarbeidet.

Geir Angeltveit (V) gjorde framlegg om Stein Inge Ryssdal, H, som medlem i referansegruppa.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med forslaga frå Solbakken og Angeltveit vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at det blir utarbeidd ein interkommunal plan etter pbl § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.
2. Fylkesutvalet utnemner Nils T. Bjørke, Sp, til leiar og Stein Inge Ryssdal, H, som medlem av politisk referansegruppe for planarbeidet.

## **PS 87/17 Utgreiing om og plan for etablering av fasilitetar for busssjåførar**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til forslaget om å etablere 25 nye sjåførfasilitetar rundt i fylket over ein fireårs periode, og legg til grunn at dette blir finansert over dei årlege fylkesbudsjetta.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg til forslaget om å etablere 25 nye sjåførfasilitetar rundt i fylket over ein fireårs periode, og legg til grunn at dette blir finansert over dei årlege fylkesbudsjetta.

## **PS 88/17 Ny driftskontrakt for Nordhordland DK 1203**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt Nordhordland DK 1203.
2. Fylkesutvalet ber om at driftsstandarden vert redusert på det øvrige fylkesvegnettet som har ein ÅDT på mindre enn 500 i den nye driftskontrakten Nordhordland DK 1203, og at innsparingane vert nytta til svært tiltrengte vedlikehaldstiltak eller dekkelegging.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

**Nils T. Bjørke (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slikt forslag:

«Punkt 2 vert stroke.»

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Endring av punkt 1 (endringa står i kursiv):

Fylkesutvalet sluttar seg *i stor grad* til grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt Nordhordland DK 1203.»

### **Røysting**

Bjørke sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg i stor grad til grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt Nordhordland DK 1203.

## **PS 89/17 Forbod mot nydyrkning av myr – fråsegn.**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til eit forbod mot nydyrkning av myr, som eit klimapolitiske tiltak. Forbodet vil medverke til å nå måla i klimaplan for Hordaland og dei globale klimamåla.
2. Hordaland er eitt av fylka som kan verte berørt av eit forbod mot nydyrkning av myr. Eit absolutt forbod mot nydyrkning av myr kan vere negativt for bruk i Hordaland som generelt er små i areal. Høve til å skaffe seg tilleggsjord ved nydyrkning kan vere utslagsgivande for fortsatt drift, og høve til dispensasjon i særskilte tilfelle må difor inngå i endringane i lov og forskrift.
3. Eit aktuelt kriterium for å dispensere frå forbodet er at nydyrkning av myreal er ein føresetnad for fortsatt drift av bruket. Det må særleg gjelde gardsbruk som tapar dyrkbart areal på grunn av planstyrt arealbruksendring til utbyggingsformål.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slikt forslag:

«Endring av punkt 1 (endringane står i kursiv):

Hordaland fylkeskommune er positiv til eit forbod mot nydyrkning av *djup* myr, som eit klimapolitiske tiltak. *For grunn myr skal løyve vurderast i kvart enkelt tilfelle.* Forbodet vil medverke til å nå måla i klimaplan for Hordaland og dei globale klimamåla.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Slett siste setning i punkt 3.»

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 3 vert stroke.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Ekrheim sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (SV, MDG, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Ryssdal sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til eit forbod mot nydyrkning av djup myr, som eit klimapolitisk tiltak. For grunn myr skal løyve vurderast i kvart enkelt tilfelle. Forbodet vil medverke til å nå måla i klimaplan for Hordaland og dei globale klimamåla.
2. Hordaland er eitt av fylka som kan verte berørt av eit forbod mot nydyrkning av myr. Eit absolutt forbod mot nydyrkning av myr kan vere negativt for bruken i Hordaland som generelt er små i areal. Høve til å skaffe seg tilleggsjord ved nydyrkning kan vere utslagsgivande for fortsatt drift, og høve til dispensasjon i særskilte tilfelle må difor inngå i endringane i lov og forskrift.

## **PS 90/17 Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Odda - Buer - Strand**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 05.05.17 frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Odda – Buer – Strand.
2. Lokaltransport på strekninga skal berre utførast etter godkjenning av Hordaland fylkeskommune ved Skyss.
3. Fylkesutvalet viser til krava til motorteknologi i køyretøyforskrifta, og legg til grunn at det vert nytta materiell som oppfyller krava i forskriften eller motorteknologi med lågare utslepp av avgassar.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 05.05.17 frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Odda - Buer - Strand.
2. Lokaltransport på strekninga skal berre utførast etter godkjenning av Hordaland fylkeskommune ved Skyss.
3. Fylkesutvalet viser til krava til motorteknologi i køyretøyforskrifta, og legg til grunn at det vert nytta materiell som oppfyller krava i forskriften eller motorteknologi med lågare utslepp av avgassar.

## **PS 91/17 Rv. 13 - Planfri gangvegkryssing Bjørgum. Klassifisering og eigartilhøve for ny gang- og sykkelveg.**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet syner til brev fra Statens vegvesen, datert 10. august 2016 om klassifisering og eigmatilhøve for planfri gangvegkryssing over Rv. 13 ved Bjørgum, og sluttar seg til tilrådinga frå vegvesenet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet syner til brev fra Statens vegvesen, datert 10. august 2016 om klassifisering og eigmatilhøve for planfri gangvegkryssing over Rv. 13 ved Bjørgum, og sluttar seg til tilrådinga frå vegvesenet.

## **PS 92/17 Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2027. CO<sub>2</sub>-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:
  - Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolleynettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
  - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsområde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
  - Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff.
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvektavtalen for Bergen.
3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1, tredje kulepunkt (tillegget står i kursiv):

Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. *Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).*»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2027. CO<sub>2</sub>-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:

- Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolleynettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
  - Bruk av all biogass fra Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsområde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
  - Der det ikke er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikke nyttast palmeolje eller biprodukt fra palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
  3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusstar i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.

## **PS 93/17 Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner. Søknad om midlar for 2018**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknaden om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar, i følgjande prioriterte rekkefølge:
  1. Bysykkelordning i Bergen
  2. Etablering av g/s-veg Hegglandsdalsvegen
  3. Etablering av g/s- veg Hystadvegen (Stord)
  4. Oppfølging av Sykkelveginspeksjonar - Bergen og Stord
    - Bergen sentrum - Loddefjord
    - Bergen sentrum - Flesland
    - Nesttun - Os kommune grense
    - Bergen sentrum - Eidsvåg
    - Sandvikvåg - Frøyne - Stord
  5. Etablering av g/s-veg Tysevegen (Stord)
  6. Fotstøtter i lyskryss
  7. Sikker sykkelparkering på kollektivknutepunkt
  8. Sikker sykkelparkering ved vidaregåande skole
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest legg fylkesutvalet til grunn at naudsnyt eigendel på inntil 36,75 mill. kroner vert finansiert over fylkesbudsjettet. Endeleg finansiering av eigendel for bysykkelordninga i Bergen vil bli avklart i haust i samband med handsaming av handlingsprogrammet for byvekstavtalen for Bergen.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknaden om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar, i følgjande prioriterte rekkefølge:
  1. Bysykkelordning i Bergen
  2. Etablering av g/s-veg Hegglandsdalsvegen
  3. Etablering av g/s- veg Hystadvegen (Stord)
  4. Oppfølging av Sykkelveginspeksjonar - Bergen og Stord
    - Bergen sentrum - Loddefjord
    - Bergen sentrum - Flesland
    - Nesttun - Os kommune grense

- Bergen sentrum - Eidsvåg
  - Sandvikvåg - Frøyno - Stord
  - 5. Etablering av g/s-veg Tysevegen (Stord)
  - 6. Fotstøtter i lyskryss
  - 7. Sikker sykkelparkering på kollektivknutepunkt
  - 8. Sikker sykkelparkering ved vidaregåande skole
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest legg fylkesutvalet til grunn at naudsnyt eigendel på inntil 36,75 mill. kroner vert finansiert over fylkesbudsjettet. Endeleg finansiering av eigendel for bysykkelordninga i Bergen vil bli avklart i haust i samband med handsaming av handlingsprogrammet for byvekstavtalen for Bergen.

## **PS 94/17 Status og forslag til vidare gjennomføring av prosjekt "Hjertesone"**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vil følgje opp Regional transportplan si satsing på «Hjertesone» gjennom å styrke ressursane som arbeidar med trafikksikring i fylket.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med inntil 1 million kroner årleg innanfor Fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjett i 2018 og 2019. Det vert lagt til grunn at dette er eit spleislag med Bergen kommune om mellom anna ei prosjektstilling i Trygg Trafikk Hordaland.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vil følgje opp Regional transportplan si satsing på «Hjertesone» gjennom å styrke ressursane som arbeidar med trafikksikring i fylket.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen bidrar med inntil 1 million kroner årleg innanfor fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjett i 2018 og 2019. Det vert lagt til grunn at dette er eit spleislag med Bergen kommune om mellom anna ei prosjektstilling i Trygg Trafikk Hordaland.

## **PS 95/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 84-94/17.

### **ORIENTERINGAR**

Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP v/fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen.

Nytt frå Statens vegvesen v/avdelingsdirektør Grethe Vikane, Statens vegvesen.

- Gjennomføring
- Trafikkulykker
- Drift- og vedlikehald

Nytt frå Skyss v/direktør Oddmund Sylta.

Sykkel-VM.

- Kva har Skyss gjort av førebuingar?
- Sikre at bussjåførane kjem seg til og frå arbeid
- Korleis organiserer Skyss seg under Sykkel-VM
- Informasjon til kunden

## INNSENDE SPØRSMÅL

### Frist for innsending av spørsmål

Fylkesdirektør samferdsel minna utvalet om at «spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiar seinast kl. 0900 to dagar før møtet i organet». Sjå Delegasjonsreglementet/Reglement for saksbehandling, punkt 19.

Spørsmåla vert sendt til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

#### 1. Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt spørsmål:

##### «Endringar i skulekort-område m.m.

Eg blei kontakta i dag angåande vedlagt skriv.

Elevar reagerte på at plutseleg hadde dei gått frå å bu i eit område der dei vart tildelt skulekort til å vere i sone der dei sjølv må kjøpa ungdomsskyss.

I skrivet står det «Etter ei vurdering av gjeldande område for ungdomsbillett sett opp mot rutetilbod har ein kome til at det er behov for justeringar.» Kva er bakgrunnen for denne endringa?

Eg antar grunngjevinga ligg i dispensasjonssøknaden til fylkesmannen, men har søkt i postjournalen utan hell etter det dokumentet.»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«I Hordaland nytta elevane i vidaregåande skule om hovudregel 30-dagars ungdomsbillett til skuleskyssen. Dette gjeld også elevar med avstand mellom heim og skule på over 6 km. Dette betyr at elevar i den vidaregåande skule, som oppfyller vilkåra for skuleskyss, men som bur i et område med tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida – i eit såkalla ungdomsbillettområde – ikkje har rett på skulereisekort, men kan kjøpe ungdomsbillett.

Utgangspunktet for iverksetting av ordninga med ungdomsbillett som skulereisekort er eit budsjettpedakt i fylkestinget frå 2005. Frå 2002 til 2005 var tilsvarande ordning frivillig. Hordaland fylkeskommune har kvart år frå ordninga vart innført søkt om og fått dispensasjon frå plikta til å sørge for gratis skuleskyss i dei områda av fylket der det er eit tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida. Dei årlege søknadane til Fylkesmannen i Hordaland om dispensasjon er ein del av forvaltninga og oppfølginga av vedtaket som vart gjort i 2005.

For inneverande skuleår er det utført nokre mindre endringar knytt til område for ungdomsbillett. Utgangspunktet er dei same ungdomsbillettonene som tidlegare år, men etter ei vurdering av gjeldande område for ungdomsbillett sett opp mot rutetilbod har ein kome til at det er behov for justeringar (nokre geografiske område er tatt inn og nokre tatt ut). Endringane er tekne med i den årlege dispensasjonssøknaden til Fylkesmannen i Hordaland, som er godkjent for skuleåret 2017/18.

Følgande endringar har skjedd frå dette skuleåret:

- Stord: Ungdomsbillettområdet på Leirvik på Stord er utvida med områda Rommetveit og Sagvåg.
- Askøy: Ungdomsbillettområdet på Askøy er utvida med området frå Kollevåg/Tveitevåg til Ramsøy.
- Sveio: Ungdomsbillettområdet i Sveio kommune langs E39 er teke ut av samordninga.»

#### 2. Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt spørsmål:

##### «Lade-infrastruktur

Det gjeld dei anboda som no er tildelt.

I anboda ligg det inne batteriferjer, som vil ha behov for lade-infrastruktur på ferjestøa. Som eigar av ferjestøa får fylket støtte frå ENOVA til denne lade-infrastrukturen.

Dei ulike selskapa som sit som anbodsvinnar av dei ulike pakkane har etter det eg har blitt kjent med ulike standardar/patentar for lading av sine fartøy.

Problemstillinga slik eg forstår den er at fylket investerer offentlege midlar i lade-infrastruktur, men må byggja tilpassa lade-infrastruktur som er tilpassa særskilde leverandørar.

Kva skjer då i neste runde når ein evt. annan konkurrent skal nytte ferjestøa, vil eit selskap ha eit økonomisk fortrinn?

Eg tar det for gitt at det nok er for seint på dette tidspunktet å påføra krav om standardar på lading.

Korleis ser administrasjonen på denne problemstillinga, er det ei reell utfordring?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«Dei nye ferjekontraktane som no er inngått inneber ei høg grad av elektrifisering og kostnaden for ladeinfrastrukturen utgjer totalt sett om lag 5 prosent av fylkeskommunens totale kostnader knytt til desse kontraktane.

Dei ulike ladeløysingane er førebels lite utprøvde innan ferjesektoren og det er derfor mykje usikkerheit knytt til levetid for slike anlegg. DNV GL, som har bistått fylkesadministrasjonen ved utforming av dei gjennomførte konkurransane, har estimert ladeanleggas levetid til å vere om lag 10 år. Fylkesrådmannen er derfor svært usikker på om infrastrukturen vil ha nokon restverdi etter kontraktens utløp.

I den grad det viser seg at desse anlegga har levetid utover kommande kontraktsperiode, vil fylkesrådmannen vurdere å stille anlegga til rådvelde i ny kontraktsperiode. Fylkesrådmannen vil i så fall sikre at omsynet til nøytral konkurranse er ivaretaken.»

**3. Rasmus L. Rasmussen (A)** hadde sendt inn slike spørsmål:

1. «Det pågår et omfattende vedlikeholdsarbeid på Nordhordlandsbroen, hva er kostnaden for dette arbeidet og når skal det være ferdig?»
2. «Når HFK gjennom nytt anbud får på plass ny hurtigbåt mellom Bergen sentrum og Askøy, vil man sikre at det er god nok kapasitet til sykkelparkering på båten?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«1. Nordhordlandsbrua  
Jobben består i omfattende vedlikehaldsarbeid: sandblåsing og maling.

- Prognose totalkostnad: 107 mill. kr.
- Prognose ferdigstilling: desember 2019.

2. Sykkelparkering på hurtigbåt

Fylkesrådmannen vil ta dette med i arbeidet med å førebu konkurransegrunnlag for det aktuelle sambandet. Det vert lagt opp til ei eiga politisk sak om konkurransegrunnlaget i forkant av utlysing av konkurransen der mellom anna krav til båtmateriellet vil bli handsama.»

**4. Synnøve Solbakken (A)** etterlyste svar på spørsmål om Fjelbergsambandet i utval for miljø og samferdsel 20.04.2017. Fylkesdirektør samferdsel viste til PS 86/17 «Oppstart av interkommunal plan etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad» som var lagt fram til dette møtet.

**5. Synnøve Solbakken (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Utgifter til skuleskyss

Har nokre spørsmål ang. skuleskyss til elevar som har teke kontakt frå den vidaregåande skulen. Regelverket vert opplevd noko forvirrande har eg fått tilbakemelding frå brukar/elev.

Gjeld elev som pendlar til Fitjar Vidaregåande skule på andre året.

Førre skuleår fekk eleven dekt utgifter til reisa, skulekort. No har eleven fått beskjed om at dette skuleåret får han ikkje dekt skyss. Grunngjevinga var at han bur i ei ungdomskort sone. Dette gjeld fleire elevar.

I reglementet for skuleskyss står det først at alle med meir enn 6 km avstand til skulen har rett på å få dekt utgifter til skuleskyss. Lenger nede står det at unntatt frå dette er dersom ein bur i eit område som er dekt av ungdomskortet, så har ein likevel ikkje rett å få dekt skuleskyssen.

Det inneber at eleven får ei utgift på rundt 4.000 kr i skyss dette skuleåret. For nokre elevar er dette vanskeleg økonomisk.

Spørsmålet er om dette vert praktisert likt i Hordaland?

Er denne regelen ny av året sidan dei fekk dekt skyssen i 2016?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«I Hordaland nyttar elevane i vidaregåande skule om hovudregel 30-dagars ungdomsbillett til skuleskyssen. Dette gjeld også elevar med avstand mellom heim og skule på over 6 km. Dette betyr at elevar i den vidaregåande skulen, som oppfyller vilkåra for skuleskyss, men som bur i et område med tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida – i eit såkalla ungdomsbillettområde – ikkje har rett på skulereisekort, men kan kjøpe ungdomsbillett.

Elevar på Fitjar vgs har nokre år fått tildelt gratis skuleskyss sjølv om dei bur i eit såkalla ungdomsbillettområde. Dette skuldast ein feil ved søknadsregistrering. Dersom ein elev bur i eit ungdomsbillettområde, er reiseavstand og reisetid til skulen er ikkje relevant, og heller ikkje kva skule eleven går på. Vilkåret for samordning av skuleskyssen med ungdomsbillett er eleven sin bustad og kollektivtilboden på heimstaden, og at eleven har høve til å nyitta kortet på fritida. For skuleåret 2017/2018 får ikkje elevane skulereisekort som før på grunn av at dei bur innanfor ungdomsbillettområdet. Dette for å sikre at elevar som går på Fitjar vgs vert behandla likt som elevar ved andre vidaregåande skular i fylket.»

**6. Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Kan administrasjonen gjere greie for reglane kring bruk av ungdomskort og kvar og korleis unntaket frå hovudregelen om gratis skuleskyss vert praktisert i HFK?

Korleis vert dispensasjonen søkt og kvifor er ikkje dette politisk handsama?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«Ungdomsbillett kan kjøpast frå og med fylte 16 år og til og med 20 år. Med ungdomsbillett kan ein reise uavgrensa i heile Hordaland på bussruter og bybane, med alle snøggbåtar og lokalbåtruter, på alle ferjesambanda, på lokale tog ruter og med Kolumbus sine bussar i nokre kommunar i Rogaland. Ungdomsbilletten er ein upersonleg billett og kan nyttast av fleire, men personen som nyttar biletten må likevel tilfredsstille krava til alder. Elevar i den vidaregåande skule som enno ikkje er fylt 16 år kan også få kjøpe 30-dagars ungdomsbillett.

I Hordaland nyttar elevane i vidaregåande skule om hovudregel 30-dagars ungdomsbillett til skuleskyssen. Dette gjeld også elevar med avstand mellom heim og skule på over 6 km. Dette betyr at elevar i den vidaregåande skulen, som oppfyller vilkåra for skuleskyss, men som bur i et område med tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida – i eit såkalla ungdomsbillettområde – ikkje har rett på skulereisekort, men kan kjøpe ungdomsbillett. Ungdomsbillettområda er fastsett etter ein gjennomgang av kollektivtilboden i fylket, og det er utarbeidd soner som definerer kva område som blir samordna med ungdomsbillett. Dette for å sikra lik sakshandsaming. Dersom ein elev bur i eit ungdomsbillettområde er reiseavstand og reisetid til skulen er ikkje relevant, og heller ikkje kva skule eleven går på. Vilkåret for samordning av skuleskyssen med ungdomsbillett er eleven sin bustad og kollektivtilboden på heimstaden, og at eleven har høve til å nyitta kortet på fritida. Ein føresetnad for ordninga er at ein har ein subsidiert billett for ungdom med minst 50% rabatt av prisen på ein ordinær 30-dagars periodebillett for vaksne. Prisen på ungdomsbillett er pr. i dag 365 kroner.

Utgangspunktet for iverksetting av ordninga med ungdomsbillett som skolereisekort er eit budsjettvedtak i fylkestinget frå 2005. Frå 2002 til 2005 var tilsvarande ordning frivillig. I forskrifa til opplæringslova er det krav om dispensasjon kvart år for å halde fram med ordninga. Dei årlege søknadane til Fylkesmannen i Hordaland om dispensasjon er ein del av forvaltninga og oppfølginga av vedtaket som vart gjort i 2005.»

**7. Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**«Ekspressbuss Fyllingsdalen - Sandsli**

Viser til undersøkelse og sak i Tunnelsyn:

<https://tunnelsyn.no/2017/09/04/ekspressbuss-til-fyllingsdalen-og-sandsli/#more-9221>

Hva er planene for ekspressbuss-satsing langs denne linjen, Sotra - Fyllingsdalen - Sandli?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«Fjell kommune inviterte sentrale aktørar innan samferdsle i Hordaland til ei orientering og ein dialog om trafikksituasjonen på Sotra, Straume og Bergen vest 19. juni i år. I dette møtet vart ei eiga utgreiing presentert med forslag til både trafikale tiltak samt ønske om styrking av kollektivtilbodet. Fjell kommune har igjen invitert sentrale aktørar innan samferdsle til oppfølgingsmøte i slutten av september for presentasjon av fakta og vurderinger knytt til tekniske, trafikale og kostnadsmessige tilhøve for dei mest aktuelle tiltaka.»

**8. Natalie Golis (MDG)** hadde sendt inn slike spørsmål:

**«Spørsmål 1:**

Sykkeparkeringshuset i Åsane: Denne er knapt i bruk, og ble åpnet i juni i år. Hva er tenkt skal gjøres for at folk skal oppdage den, lære seg å bruke den, innføre nye vaner? Dette er særlig aktuelt i forbindelse med Sykkel-VM.

**Spørsmål 2:**

Bømlopakken: Trasévalet forbi den smalaste delen av Bømlo mellom Kulleseid og Sakseid har enda med å skjere tvers gjennom ein gamal gard som i dag vert driven med sau og gartneri og ein våg fullt av kultur, historie, naturmangfold og friluftsinteresser. Kva er status i prosessen no i denne saka?

[https://www.vegvesen.no/\\_attachment/1025348/binary/1059187?fast\\_title=Reguleringsplankart+1%20%9310+fv.+541+Sakseid%20%93Hestaneset.pdf](https://www.vegvesen.no/_attachment/1025348/binary/1059187?fast_title=Reguleringsplankart+1%20%9310+fv.+541+Sakseid%20%93Hestaneset.pdf)

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

**«Spørsmål 1:**

Det vert arbeidd med å auke bruken av sykkelhusa frå fleire hald:

- I samband med opninga vart det delt ut flyrarar til husstandar i nærområdet.
- Sykkelbyen Bergen vil mellom anna promotere sykkelparkeringshusa fram mot Sykkel-VM. Det er eit eige opplegg og materiell for dette, i samarbeid med kommunikasjonsbyrået Burson-Marsteller.
- Europeisk Mobilitetsveke er årleg frå 16.-22. september, og i år vil det vere ekstra fokus på sykkel. Sykkelparkering har også fokus i Mobilitetsveka.
- Bergen kommune er i ferd med å skifte låsesystem på sine parkeringshus til same låsesystem som dei fylkeskommunale. Dette skal kunngjeraast så snart arbeidet er utført.»

**«Spørsmål 2:**

Fylkesmannen i Hordaland har i brev til Bømlo kommune den 4. september i år stadfestat Bømlo kommunestyre sitt vedtak av 13.02.2017, sak 4/17 godkjenning av reguleringsplan for Fv 541 Sakseid - Hestaneset.»